

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
068/23	Formannskapet	PS	06.09.2023
073/23	Heradsstyret	PS	20.09.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Linda Judith Svidal Nordås	23/2331

## Søknad om tilskot til reparasjon av steinbrua over Mjeldastraumen

### Vedlegg:

Søknad til Osterøy kommune  
Prestebraua rapport frå synfaring 10.10.22  
Haus prestegard historisk dokument

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Haus kulturminnelag får avslag på sin søknad om kroner 300 000 i støtte til å reparere steinbrua over Mjeldastraumen.

### Formannskapet - 068/23

### FS - behandling:

Ordføraren sette fram slikt fellesframlegg på vegne av alle parti (SP, H, FRP, AP):  
"Haus kulturminnelag får tilsegn på sin søknad om kroner 300 000 i støtte til å reparere steinbrua over Mjeldastraumen. Vilkåret for tilskotet er at prosjektet vert fullfinansiert.

Tilskotet vert dekkja frå dispensasjonsfondet

### Grunngjeving:

Prestabraua i Haus er eit unikt kulturminne utan samanlikning i kommunen som grunna store uklårheiter i eigarskap og ansvar har stått til forfall. Osterøy kommune er takksam for den jobben Haus Kulturminnelag har gjort og no skal sette i gong med og ynskjer difor å støtte tiltaket med kr 300 000 som omsøkt."

### AVRØYSTING:

Ordføraren sitt fellesframlegg vert samrøystes vedteke

### FS - vedtak:

Formannskapet innstiller slik:

Haus kulturminnelag får tilsegn på sin søknad om kroner 300 000 i støtte til å reparere steinbrua over Mjeldastraumen. Vilkåret for tilskotet er at prosjektet vert fullfinansiert.

Tilskotet vert dekkja frå dispensasjonsfondet

### Grunngjeving:

Prestabraua i Haus er eit unikt kulturminne utan samanlikning i kommunen som grunna store

uklårheiter i eigarskap og ansvar har stått til forfall. Osterøy kommune er takksam for den jobben Haus Kulturminnelag har gjort og no skal sette i gong med og ynskjer difor å støtte tiltaket med kr 300 000 som omsøkt.

## **Heradsstyret - 073/23**

### **HS - behandling:**

Framlegg og votering i saka kjem fram av voteringsprotokollen som ligg ved den samla møteboka

### **HS - vedtak:**

**Haus kulturminnelag får tilsegn på sin søknad om kroner 300 000 i støtte til å reparere steinbrua over Mjeldastraumen. Vilkåret for tilskotet er at prosjektet vert fullfinansiert.**

Tilskotet vert dekkja frå dispensasjonsfondet

### **Grunngjeving:**

**Prestabrua i Haus er eit unikt kulturminne utan samanlikning i kommunen som grunna store uklårheiter i eigarskap og ansvar har stått til forfall. Osterøy kommune er takksam for den jobben Haus Kulturminnelag har gjort og no skal sette i gong med og ynskjer difor å støtte tiltaket med kr 300 000 som omsøkt.**

### **Saksopplysningar:**

#### **Saksopplysningar:**

Brua over Mjeldastraumen er ei steinhellebru, truleg frå andre halvdel av 1700-talet. Prestabrua sin opphavelige funksjon var å knyta prestegarden saman med kyrkja, slik at presten kom seg til kyrkja, og bygdefolket kom seg til borgstova, bygdefolket sin samlingsstad, på prestegarden. Prestabrua har ikkje nokon funksjon for kommunikasjonen i Haus i dag, men er på grunn av alderen og utforminga eit teknisk kulturminne, og ein del av det samla kulturmiljøet rundt kyrkja og prestegarden.

Prestabrua ligg i omsynssone for kulturmiljø. Omsynssona inneber at tiltak i sona må avklarast med fylket. Det er ikkje knytt verdivurdering til vedtaket, altså om, og i kva grad, området har lokal, regional eller nasjonal verdi. Osterøy kommune har ingen kulturmiljøplan. Dette betyr at kommunen ikkje har gjort ei eiga vurdering av Prestabrua. Brua er ikkje registrert i databasar for kulturminne, og er ikkje automatisk freda

Brua er nå i dårleg stand, og treng reparasjon. Reparasjonen er kostnadsrekna til 900 000, men det er teke store reservasjonar i pristilbodet fordi tilbydar ikkje klarer å vurdere kva som gøymer seg «bak» og «under» dei synlege skadane på brua. Haus kulturminnelag kan difor komme i ein situasjon der prosjektet er fullfinansiert på papiret, men at midlane likevel ikkje strekk til når arbeidet kjem i gang. Viser til vedlagt rapport frå synfaring.

Saken vert lagt fram til politisk handsaming basert på andrehands opplysningar. Bakgrunnen for at administrasjonen vel denne tilnærminga, er at Haus kulturminnelag har fått innvilga tilskot på 450 000 frå Kulturminnefondet og Vestanfjelske stiftelse. Disse midlane må takast ut innan 1. januar 2024, men dei kan ikkje takast ut før prosjektet er fullfinansiert sett i lys av pristilbod. Dersom administrasjonen skulle ha undersøkt saken ordentleg, ville dette mest truleg teke lang tid og kosta store summar utan at vurdering og konklusjon nødvendigvis vert noko annleis enn ved å legge saken fram for behandling på noverande tidspunkt. Saka legg difor til grunn at Prestabrua er eigd av

Opplysningsvesenets fond, med dette er ein uklar andrehands påstand. Administrasjonen har sjølv ikkje vore i kontakt med Opplysningsvesenets fond.

### **Bakgrunn**

Steinbrua over Mjeldastraumen vert kalla for «Prestabrua». Den vart mest truleg bygd på siste halvdel av 1700-talet. Alderen i seg sjølv gjer at brua har status som kulturminne, men den er for ung til å vere automatisk freda.

Haus kulturminnelag opplyser at brua mest truleg er eigd av Opplysningsvesenets fond. Osterøy kyrkjelege fellestråd kyrkjebygget, medan Opplysningsvesenets fond eig grunnen. Bjørgvin bispedøme er i ferd med å ta over eigarskapen til prestegarden, men brua vil framleis vere i Opplysningsvesenets fond sitt eige. Dei vil ikkje gjere tiltak for å reparere brua. Administrasjonen har ikkje dobbeltsjekka disse opplysningane.

Administrasjonen har vurdert hensikta med å sette i gang større utreiingar med tanke på eigarforholdet til brua, og eventuelt invitere til dialog med Opplysningsvesenets fond, men har vurdert at det mest truleg vil medføre store kostnader utan at ein nødvendigvis oppnår noko.

### **Vurdering**

Administrasjonen bygger vurderinga i stor grad på andrehands opplysningar, og ikkje eigne vurderingar. Den einaste vurderinga administrasjonen har gjort, er at Haus kulturminnelag har gjort eit godt grunnlagsarbeid, eit arbeid som medfører at administrasjonen vurderer saken godt nok opplyst til å leggast fram for politisk orientering og behandling.

### *Folkehelse*

Ikkje vurdert.

### *Miljø*

Haakon Aase skriv i sin vurdering at «*Hellebrua over Straumen ved Mjeldavågen må reknast som eit kulturminne av særskilt høg verdi, eit fysisk anlegg som fortel eit stykke samferdslehistorie, men som også utgjer ein viktig del av ein samla kulturmiljø der også kyrkja og prestegarden inngår som viktige element*».

Osterøy kommune har ingen kulturmiljøplan, og dermed ikkje gjort ei eiga vurdering av Prestabrua. Den ligg imidlertid i omsynssone for kulturmiljø, og tiltak må avklarast med fylket.

### *Økonomi*

Haus kulturminnelag har henta inn eit prisoverslag for reparasjonsarbeidet på 900 000. Dette er eit usikkert anslag fordi det er berre dei synlege skadane som er vurdert. Dei har fått tildelt midlar frå kulturminnefondet (200 000) og frå Vestanfjelske stiftelse (250 000), til saman 450 000. Dei søker om 300 000 frå Osterøy kommune, og skriv i sin søknad at dei resterande 150 000 må søkast om via andre kanalar. Administrasjonen vurderer at risikoen for at reparasjonskostnadane overstig 900 000 er høg, og vi ser ikkje at Haus kulturminnelag har ein plan for korleis dette eventuelt skal handterast. Dette kan ein eventuelt gå i dialog med laget om, men det vil vere tidkrevjande. Haus kulturminnelag opplyser i sin søknad at dei har fått frist frå kulturminnefondet til å dokumentere fullfinansiering til 1. oktober 2023. På oppfordring frå administrasjonen i Osterøy kommune fekk dei utsett denne fristen til 31. desember 2023. Vidare har Haus kulturminnelag gjort Osterøy kommune kjent med at Vestanfjelske stiftelse skal avslutte sin verksemd i løpet av 2024, og dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein miste òg disse midlane.

Brua er etter det Osterøy kommune har fått opplyst, eigd av Opplysningsvesenets fond. Det medfører at ein ikkje kan nytte investeringsbudsjettet til reparasjonstiltak. Om brua hadde vore eigd

av kommunen, ville kommunedirektøren neppe tilrådd å gje investeringstilskot til reparasjon grunna store investeringar i vente dei næraste åra.

Tilskot til reparasjon må difor takast over driftsbudsjettet. Det er det ikkje midlar til. Den siste mogelegheita er dispensasjonsfondet, men dette er ikkje stort nok sett i lys av politisk vedtak til å ta midlar frå på noverande tidspunkt.

### **Konklusjon**

Haus kulturminneråd får avslag på sin søknad om 300 000 til å reparere Prestabrua over Mjeldastraumen.